

## **Fylkesberedskapsrådet i Rogaland**

### **Referat frå møtet i fylkesberedskapsrådet 28.mai 2013**

#### **Innleiing ved Tora Aasland**

I innleiinga snakka fylkesmannen om dei store øydeleggingane knytt til flommen på austlandet. Flaumen er rekna som ein "50-års flaum". Det var også flaumen i 2011. Ho peikte på at årsakene til at vi får store skader i samband med store flaumar er mange og samansette. Både klimaendringar og menneskeleg aktivitet spelar ei rolle. Det er viktig at vi lærer av dette og tar høgde for endringane i klimaet når vi skal bygge nytt.

Kombinasjonen av sterk vind og mykje snø på Jæren i desember 2012 blei ei utfordring for mange av oss. Fylkesmannen har saman med mange av rådets medlemmer evaluert hendinga. Mykje fungerte godt og mange gjorde ei framifrå innsats. Det er likevel viktig å ta lærdom av erfaringane og forbetre samarbeidet mellom etatar og kommunar.

Det er planlagd fleire lange undersjøiske tunnelar i Rogaland i framover. Det er reist spørsmål om tryggleiken i disse tunnelane og om små brannvesen har kunnskap og ressursar til å gjere ein god innsats dersom ulykker skjer. Vi vil i tida framover følgje med på dette og bidra til at ein finn gode løysningar.

Etter 22 . juli konkluderte Gjørv kommisjonen med at leiare på alle nivå i forvaltninga skal arbeide med å styrke eigne og organisasjonens grunnleggjande haldningar og kultur knytt til risikoerkjenning, gjennomføringsevne i beredskapen, samhandling, IKT utnytting og resultatorientert leiarskap. Korleis kan me gjere dette på ein god måte? Fylkesmannen peika på at vi må ha et godt grep om heilskapen, lære av viktige hendingar og ikkje minst handle saman. Det blir heile tida arbeida på mange nivå i forvaltninga med å styrke beredskapen. Alle fylkesmenn og mange direktorat er til dømes i ferd med å installere eit nytt samband som er godkjend for gradert informasjon og i juni skal det være ei nasjonal varslingsøving. Fylkesberedskapsrådet medlemmer vil og bli varsla i denne øvinga.

Eit bidrag i arbeidet med å styrke samhandling er at medlemmene i fylkesberedskapsrådet vil bli varsla på same måten som kommunane om ekstreme værtilhøve og andre aktuelle hendingar.

#### **Det nye naudnettet kjem snart til Rogaland. Kva er dette og kva vil det bety for fylkesberedskapsrådet?**

Lars-Otto Laukvik, Direktoratet for Nødkommunikasjon orienterte om naudnett som er eit digitalt radiosamband for beredskapsaktørar. Nettet skal gi avlyttingssikra og robust kommunikasjon der folk bur og ferdast. Målet er nær 100 % dekning der folk bur og 79% av landarealet. Utbygging av naudnettet skjer samstundes i fleire fasar rutt om i landet. I Rogaland reknar ein med at nettet er operativt i løpet av 2014. Sjå meir info i presentasjonen som ligg på vår nettstad saman med referatet.

#### **Jæren blei råka av ein snøstorm i desember 2012. Time kommune var i sentrum av uveret.**

Bjørn Meling frå Time kommune delte kommunens erfaringar med rådet. På bakgrunn av værmeldingar møtte kommunens kriseleiing og gikk gjennom førebuande tiltak. Innbyggjarar som av ulike grunnar trong medisinsk hjelp eller tilsyn blei gitt tilbod om sjukeheimspllass

mens uvêret varte. Truger blei kjøpt inn og snøscootere var i beredskap. Tilgjengelege ressursar blei organisert. Utfordingane var mellom anna byggtekniske spørsmål om kor mykje taka på offentlege bygningar (sjukeheim, skular og barnehagar) tolte av ny snø. Dei målte snømengda, rådførde seg med fagfolk og vurderte om bygga skulle stengast. Dei erfarde også at nokon av institusjonane ikkje hadde utstyr snøskuffer eller liknande.

Då uveret kom med uframkommelege vegar og straumbrot hadde Time 3 prioriterte tiltak:

- Liv og helse
- Rydde samlevegar: Kommunen hadde også stort fokus på landbruksnæringa og gjorde her viktige erfaringar. Husdyrnæringa blei sårbar og kommunen prioriterte denne næring i forhold til brøyting.
- Rydde fortau og sentrale parkeringsplassar.

Kommunen opplevde ei god dugnadsand både hos tilsette og innbyggjarar. Folk som hadde traktorar ringde og spurde om dei kunne hjelpe.

Dei så også at nokon av dei aktørane kommunen hadde brøyteavtale med blei innesnødd. Av dette har dei lært at det må settast krav til utstyr.

Kommunen hadde ein kontaktperson for brøytemannskapa og heimesjukepleia. Dette fungerte godt.

Informasjon blei viktig og dei nytta i stor grad sosiale media, noko dei har fått gode tilbakemeldingar på.

Målet framover er å involvere dei folkevalde i beredskapsarbeidet slik at dei kan lære av utfordingane kommunen hadde og korleis situasjonen blei handtert.

### **Kva har vi lært av snøen som falt i fjor?**

Seniorrådgivar Gry Evensen informerte om konklusjonane i evalueringsrapporten. FM hadde saman med ein rekke andre sentrale aktørar, hatt ei større øving rett før uveret kom. Dette gjorde at det var lettare å ta kontakt med aktuelle personar og etatar.

Rapporten og presentasjonen ligg på vår nettstad saman med dette referatet.

### **Vi har hatt ein uvanleg tørr og kald vinter. Auka forbruk gjer marginane for stabil drift mindre. Kva er status og kva planer føreligg for å betre forsyningstryggleiken?**

Kraftforsyninga sin distriktsjef i Rogaland, Åshild Helland informerte.

Det er planlagt forsterking av sentralnettet i Sør-Rogaland og bytte av hovudtransformator på Håvik i Nord-Rogaland. Kraftsituasjonen i Noreg er nå innanfor normalen. Snøsmelting gir aukande magasinfylling og dette har saman med aukande temperaturar medført ein nettoeksport av kraft i uke 20.

Sentral - og regionalnettet er ikkje dimensjonert for dagens belastning og befolkningssauke. Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing for ny 420kV kraftline frå Lysebotn til Stølaheia stasjon ved Stokkavatnet i Stavanger (sentralnett) er send til NVE. Vidare prosess er at NVE arrangerar folkemøte om saka 11. juni i Sandnes og 12.juni i Forsand. På desse møta vil NVE orientere om saksbehandlinga og Lyse Sentralnett orientere om prosjektet. Høyringsfristen på konsesjonssøknaden er 20.08.2013. Lyse har som mål at denne lina er satt i drift i løpet av 2018. Det er for tida ein anstrengt forsyningssituasjon for Karmøy inntil transformator på

Håvik er montert og satt i drift. Sjå meir info i føredraget som ligg på nettstaden vår saman med referatet

**Øving Haugaland 2013 er den største militærøvinga i Rogaland i år. Den skal vere i uke** Rolf Wold, HV-08 orienterte om situasjonen i HV-08. Heimevernet er i omstilling heile tida noko som er ein kontinuerleg utfordring. Det føreligg politiske føringer. Dei skal vere landsdekkande, ha oppgåver innan vakthald og sikring av viktige militære og sivile objekt. Heimevernet skal være tilgjengelig på kort varsel, og soldatar med god lokalkjennskap skal kunne ta del i alt frå å støtte det sivile samfunnet ved katastrofar og større hendingar, til å hjelpe ved militære stridsoppdrag.

Områda skal vere organisert, utrusta og trena for dei oppgåvene dei er tildelt. Dei har det daglege ansvaret for lokal planlegging og leiinga i fredstid, krise og krig i kommandodistriktet.

Øving Haugalandet vi gå av stabelen i uke 22 og 23. Øvinga med mannskapa vil gå føre seg i kommunane Tysvær, Bokn, Haugesund og Karmøy. Det øvast på prosedyrar og samvirke både sjølvstendig og i samarbeid med politiet og andre beredskapsaktørar. Ein skal mellom anna teste ut eit nytt logistikkkonsept for Heimevernet.